

Årsmelding for hangarar og klubbhus

Nye hangaren fungerer fortsatt ganske bra og er fortsatt ein velsignelse for oss som likar å ha flya inne når dei ikkje er i bruk.

Vedlikehald er viktig, både for å ta vare på det me har og for at det skal sjå ut som me bryr oss som klubb og som klubb medlemmer. I sommar så kalla me inn til dugnad for å få malt ferdig det som var nødvendig etter ein del års slitasje på malingen. Synd å sei at me fekk problemer med å sysselsetta dugnadsgjengen, men me fekk malt ferdig heile nordsida av hangaren og det som stod igjen på vestsida. Kjempeinnsats til dykk som kom under mottoet; «Få jobben gjort»

Gamle hangaren fekk ikkje mykje vedlikehaldsoppmerksomhet i året som gjekk så altfor fort. Difor skal den vaskast og malast utvendig til sommaren. Innvendig trur underteikna at det fungerer tåleg bra. Sist eg prøvde portane i haust så fungerte dei fint.

Klubbhuset er under oppussing i skrivande stund. Som kjent så fekk me ifjor pengar av Sparebankstiftelsen til innvendig oppussing av klubbhuset. Dette arbeidet har ikkje tatt heilt av ennå, men det skal skje. Det som har skjedd er planlegging av kva og korleis ting skal skje.

Etter at klubbhuset blei flytta og nye hangaren blei bygd, forsvant utsikten ut mot flyplassen. Den utsikten kan me ikkje enkelt få igjen. Dersom Avinor gir oss tillatelse kan vi kanskje bøta på manglane utsikt med kamera og skjerm på veggen i klubbhuset. Det vi har gjort er å setta inn fotsidt vindu, Fjerne litt sperr i hangaren og fått bra innsikt inn i hangaren frå klubbshuset. Dette blei så godt mottatt at ynskje om eit fotsidt vindu til kom høgt på prioriteringslista. Nå er det gjort klar for dette, vindu er underveis, varmpumpa er flytta og snart har vi utsiktsvindu nummer to ut til hangaren på plass.

Når dette er gjort begynne oppussingsarbeidet i klubbstova for alvor. Vegger og tak skal malast, gulv skiftast og ein del andre ting skal gjerast. Det som også er vedtatt i styret er at vi skal ta tak i historia til klubben igjen. For ein del år sidan sette Leif, Gunnar og underteikna oss eit mål om å få skrevet historia om Sola Flyklubb. Vi var i gang med dette, men dessverre så blei Gunnar alvorleg sjuk og døydde før me hadde fått skikkeleg fart på arbeidet vårt. Gunnar satt inne med mykje kunnskap og matriale som ville gitt eit godt bilde av klubben fram til då. Når Gunnar gjekk bort gjekk lufta på ein måte ut av oss som var igjen.

Etter at klubbhuset er pussa opp så skal me igjen ta tak i historia til klubben. Den veggen som blei amerikanisert med Tom Cruise og Top Gun i pappformat er endeleg fjerna og veggen skal vi bruka til å fortelja klubbens historie i ord og bilder.

Avslutningsvis er det å sei at innspel tas imot med takk og oppfordring om å stilla på dugnad når ting skal gjerast framover er herved gitt. Er det ellers noko dykk som medlemmer, aktive og mindre aktive, ikkje er tilfreds med er det bare å ta kontakt med underteikna.

Arild Flesjå